



RIKS
TEATRET



ÅRS- MELDING 2013

K

S

LEIAR

Som det einaste omreisande kulturtilbod til samtlege fylke i landet, har Riksteatret ein unik posisjon i det norske kulturlandskapet. Denne posisjonen medfører også eit stort ansvar. I lova for Riksteatret frå 1948 heiter det at «Riksteatret har til føremål å fremja arbeidet med å føra dramatisk kunst ut til folket i by og bygd og på andre tenlege måtar å auka kjennskapen til god dramatisk kunst.»



2013 var året då Riksteatret feira at vi har formidla dans til heile landet i 20 år. Vi tok også aktivt del i feiringa av to store hundreårsjubileum; Stemmerettsjubileet og Det Norske Teatrets hundreårsjubileum.

Riksteatret bruker store ressursar på formidling av dans, og vi leverer 50 dansefram-syningar til 25 faste spelestader kvart år. Frå Dansens år i 1993 og fram til i dag har vi presentert over 50 koreografiar med over 200 dansarar involvert. Då vi i 2013 skulle feire «20 år på vegen med dans», valde vi to heilt ulike framsyningar. For det vaksne publikumet sendte vi ut Oslo Danse Ensemble med den svingande framsyninga MOVE. Iransk/norsk Navid Rezwanis sjølvbiografiske hip-hop-framsyning Each One Teach One trakk eit mang-faldig publikum i alle aldersgrupper og vekte mange kjensler. Eg har fått eit utal e-postar og brev frå eit takksamt publikum over heile landet.

Stemmerettsjubileet markerte vi med uoppføring av ungdomsframsyninga Søstra mi, skrive av feministen og sosiologen Hannah Helseth. Med eit ekspressivt og moderne sceneuttrykk skapte denne framsyninga stort engasjement og blei følgt opp med debatt i klasseromma landet rundt i regi av regionale likestillings-senter – om valmoglegheitene jenter og gutar har i samband med nære relasjonar og sex.

Det Norske Teatret fylte 100 år – og vi var med å feire: Riksteatret sende høgdepunkta fra teaterets repertoar på turné. Samarbeidet materialiserte seg i samproduksjonane Blackbird og Mens vi ventar på Godot, og nyproduksjon av Bikubesong for turné. Det var også ei glede å få tilby publikum på 47 stader over heile landet besøk av Svein Tindbergs Abrahams barn. Slik fekk vi oppfylt vår visjon om å skape store opplevingar og fulle hus, og markert Språkåret med rekordmange framsyningar på nynorsk.

Barneteater er eit viktig satsingsområde for Riksteatret, og vi er ubeskjeddent stolte over at vi var først ute med å presentere ein sceneversjon av Jo Nesbøs populære barnebok Doktor Proktors prompepulver. Det blei ei leiken og musikalsk framsyning, som trakk eit stort og entusiastisk publikum. Ekstra stas var det at Nationaltheatret kjøpte konseptet frå oss for å lage ein egen versjon.

I tillegg til å vere leverandør av scenekunst til heile folket, ønsker vi å vere ei viktig stemme i den store offentlege samtalen i Noreg. Vi arbeider kontinuerleg med å gjere publikums-tilbodet relevant, og levere tilleggsaktivitetar som foredrag og debattar, under overskrifta «Opplev meir». Det er vel det ein kallar å ta samfunnsansvar?

Når vi reiser rundt i landet, held vi ofte nettverksmøter for å bygge relasjonar og ha god dialog med dei vi er til for. Vi gjer vi alt vi kan for å treffe dei rette beslutningstakarane på kvar stad, for å lytte til behova deira, og for å vinne forståing for kor omfattande verksemda til Riksteatret er. Med den store auken i talet på nye kulturhus vi ser no, er det svært viktig for oss å forklare premissa for eventuelt å utvide talet på spelestader for Riksteatret.

I 2013 heldt vi 9 dialogmøter, og møtte omlag 270 representantar for spelestadene. Gang på gang får vi stadfesta frå politikarar og publikum kor avgjerende dei meiner det er for dei å få behalde Riksteatret som del av det faste kulturtilbodet lokalt.

Vi anstreng oss for å komme til så mange stader som vi maktar. Vi insisterer derfor stadig på kor viktig det er for oss at kommune-Noreg satsar på å gi kulturen gode rammevilkår. Det er både tilfredsstillande og gledeleg å vere ønska!


I den teknologiske, digitale revolusjonen vi er midt inne i, er eg sjølv ikkje i tvil om at levande møter der ein deler opplevingar med medmenneske ansikt til ansikt, til same tid i same rom, berre blir viktigare og viktigare. Eg er overtydd om at Riksteatret har ei viktig rolle å spele også i framtidens Noreg.



Ellen Horn, teatersjef

PRODUKSJONAR 2013

SØSTRA MI
AV HANNAH HJELSETH



FOR UNGDOM OG VAKSNE

Med Gitte Witt, Hina Zaidi, Anne Krigsvoll, Mads Sjøgård Pettersen og Zardasht Rad / Øyvind Gran.

Regissør Kjersti Horn. Scenograf og kostymedesignar Sven Haraldsson. Lysdesignar Tobias Leira. Koreograf Marianne Kjærsund. Koreograf indisk dans Richa Chandra. Scenografiassistent Ingvild Jervidal. Dramaturg Tine Thomassen. Produsert av Riksteatret.

Opplev meir:

Workshop for skuleklassar i regi av regionale likestillingssenter.

I samarbeid med Stemmerettsjubileet.

Urpremiere i Oslo, Nydalen 17. januar.

Turnépremiere i Namsos 24. januar.

Framsyingar: 42 Publikum: 6 858

BEDRAG
AV HAROLD PINTER



FOR UNGDOM OG VAKSNE

Med Agnes Kittelsen, Nicolai Cleve Broch og Samuel Frøler.

Oversettar og regissør Per-Olav Sørensen. Scenograf og lysdesignar Jens Sethzman. Kostymedesignar Ingrid Nylander. Lyddesignar Gisle Tveito. Musikk Ginge Anvik. Dramaturg Tine Thomassen. Produsert av Riksteatret.

Opplev meir:

Møte med skodespelarane før og etter framsyninga. Riksteatrets dramaturg, Tine Thomassen, heldt også ein introduksjon om Harold Pinter på utvalde spelestader.

Premiere i Oslo, Nydalen 15. februar.

Turnépremiere i Mandal 21. februar.

Framsyingar: 46 Publikum: 9 374



TVILLINGSEILER
 GUNVOR HOFMO OG RUTH MAIER
 AV OTTO HOMLUNG

FOR UNGDOM OG VAKSNE

Med Janne Heltberg, Silje Storstein og Marit Østbye.

Eit skodespel basert på Jan Erik Volds dokumentariske bøker. Regissør Otto Homlung. Scenograf og kostymedesignar Bård Lie Thorbjørnsen. Komponist Ketil Bjørnstad. Lysdesignar Marianne T. Wedset. Koreografisk assistent Masja Abrahamsen. Dramaturg Tine Thomassen. Produsert av Riksteatret.

Opplev meir:

Gratis foredrag om jødanes skjebne under 2. verdenskrigen, i foajeen før framsyninga. I regi av HL-Senteret.

Urpremiere i Oslo, Nydalen 28. februar.
 Turnépremiere i Ålesund 5. mars.

Framsyingar: 36 Publikum: 5 971



ABRAHAM'S BARN
 AV OG MED SVEIN TINDBERG

FOR UNGDOM OG VAKSNE

Omsetjing av utvalde tekstar Ola E. Bø. Regi Kjetil Bang-Hansen. Scenografi John-Kristian Alsaker. Lysdesign Ola Bråten. Videodesign Raymond Stubberud. Dramaturg Ola E. Bø. Gjestespel frå Det Norske Teatret.

Opplev meir:

Baksnakk med Svein Tindberg etter framsyninga.

Turnéstart i Halden 15. januar.
 (Framsyninga var òg på turné hausten 2012)

Framsyingar: 47 Publikum: 20 851

PRODUKSJONAR 2013

VILDANDEN
AV HENRIK IBSEN



FOR UNGDOM OG VAKSNE

Med Mari Maurstad, Jan Gunnar Røise, Hilde Stensland, Per Egil Aske, Joachim Calmeyer, Sverre Bentzen, Mia Gundersen, Tov Sletta og Even Rasmussen.

Lagt til rette og omskrive av Bibbi Moslet. Regissør Stein Winge. Scenograf og kostymedesignar Tine Schwab. Lysdesignar Tobias Leira. Lyddesignar Erik Hedin. Regi-assistent Jan Sælid. Dramaturg Bibbi Moslet. Produsert av Riksteatret.

Opplev meir:

«Ibsen og jeg» - skodespelarmøte med publikum før framsyninga.

Premiere i Oslo, Nydalen 28. august.
Turnépremiere i Stokmarknes 3. september.

Framsyningar: 56 **Publikum:** 15 335

BIKUBESONG
AV FRODE GRYTTE



FOR UNGDOM OG VAKSNE

Med Hans Rønningen, Ragnhild Hilt, Per Schaanning, Ingrid Jørgensen Dragland, Arnhild Litlere, Hans Jacob Sand, Marte Germaine Christensen, Svein Roger Karlsen, Anne Ryg, Morten Svartveit / Oddgeir Thune / Ola G. Furuseth, Espen Reboli Bjerke, Kikki Stormo, Yngve Seterås, Sigurd Myhre og Silje Storstein. Musikarar Rune Berg, Robert Øien Fylling og Klaus Robert Blomvik.

Dramatisert av Lasse Kolsrud. Regissør Lasse Kolsrud. Scenograf Bård Lie Thorbjørnsen. Kostymedesignar Ane Aasheim. Lysdesignar Ingrid Tønder. Lyddesignar Jostein Reistad. Dramaturg Cecilia Ölveczky og Ola E. Bø. Nyprodusert av Det Norske Teatret i samarbeid med Riksteatret.

Opplev meir:

Språkkafé i foajeen før framsyninga med mellom andre Lasse Kolsrud, Sylfest Lomheim, Ola E. Bø og Kristin Fridtun.

Nypremiere på Det Norske Teatret 12. april.
Turnépremiere på Stord 12. september.

Framsyningar: 22 **Publikum:** 7 382



MENS VI VENTAR PÅ GODDOT
AV SAMUEL BECKETT

FOR UNGDOM OG VAKSNE

Med Jan Grønli, Stein Grønli, Duc Mai-The, Sigmund Sæverud og Robert Skjærstad.

Omsett av Åse-Marie Nesse og Halldis Hoaas. Regissør Bjørn Sundquist. Scenograf og kostymedesignar Bård Lie Thorbjørnsen. Lysdesignar Antonio Rodrigues-Andersen. Dramaturg Tine Thomassen. Produsert av Riksteatret i samarbeid med Det Norske Teatret.

Opplev meir:

Beckett-intro ved dramaturg Tine Thomassen og møte med skodespelarane før framsyninga.

Premiere i Oslo, Nydalen 3.oktober
Turnépremiere i Akسدal 10.oktober
Oslopremiere på Det Norske Teatret
9. januar 2014.

Framsyingar: 32 Publikum: 4 158



MUGG
AV MARIT TUSVIK

FOR VAKSNE

Med Marianne Krogness og Marit Østbye. Regissør Ellen Horn. Scenograf Arne Farstad. Kostymedesignar Elise Marie Bruun. Visuell konsulent Tuva Hølmebakk. Lys Kristin Tunold-Hanssen. Lyd Lars Årdal. Musikalsk konsulent og musikal Kay Hartvigsen. Dramaturg Tine Thomassen. Produsert av Riksteatret.

Mugg blei spela som matinéframsyningar på turné.

Premiere i Nydalen, Oslo 24. oktober.
Turnépremiere i Vikersund 30. oktober.

Framsyingar: 20 Publikum: 2 442

PRODUKSJONAR 2013

KLATREMUS OG DE ANDRE DYRENE I HAKKEBAKESKOGEN AV THORBJØRN EGNER



BARNE- OG FAMILIETEATER

Med Espen Bråten Kristoffersen, Malin Soli, Linda Tørklep, Christine Stoesen, Ole Martin Aune Nilsen, Gisle Hass, Sarah Christine Sandberg, Terje Halsvik og Jan Huse.

Regissør Ellen Horn. Scenograf, kostymedesignar og dokkedesignar John-Kristian Alsaker. Musikalsk ansvarleg og orkesterarrangør Trond Lindheim. Koreograf Jonas Georg Digerud. Lysdesignar Kristin Tunold-Hanssen. Videodesignar Torbjørn Ljunggren. Dramaturg Tine Thomassen. Produisert av Riksteatret i samarbeid med Agder Teater.

Opplev meir:

Barna kunne ta bilete av seg sjølve som Klatremus i foajeen.

Turnéstart i Stjørdal 14. januar 2013
(Premiere 25. august 2012)

Framsyningar: 25 **Publikum:** 10 076

DOKTOR PROKTORS PROMPEPULVER AV JO NESBØ



BARNE- OG FAMILIETEATER

Med Ivar Nergaard, Jonas Georg Digerud, Janne Starup Bønes, Yngve Berven, Kai Kenneth Hanson, Ole Christian Gullvåg og musikal Ole Jørn Myklebust.

Dramatisert av Morten Joachim, Ane Skumsvoll og Ivar Nergaard. Regissør Morten Joachim. Scenograf Stephan Weber. Kostymedesignar Kathrine Tolo. Lysdesignar Joakim Moe Røisland. Komponist og musikal Ole Jørn Myklebust. Videodesignar Giovanna Bolliger. Regiassistent Anders Borchgrevink. Dramaturg Tine Thomassen. Produisert av Riksteatret.

Opplev meir:

Doktor Proktor møtte barna i foajeen før framsyninga og fortalde om eksperimenta sine.

Urpremiere i Oslo, Nydalen 19. september.
Turnépremiere i Molde 26. september.

Framsyningar: 67 **Publikum:** 22 561



DANS

Med Martine Sofie Bergh, Ane Evjen Gjøvåg, Henriette Hamli, Natasha Heggem, Ellen Lindblad, Junior Sergio Benvindo, Gard Hjertaas Bjørnson, Johan Forsberg, Mikael Rønne og Daniel Sarr.

Av Oslo Danse Ensemble. **morph** Koreograf Subjazz. Kostymedesignar Sari Nuttunen. Lysdesignar Ola Bråten. Lyddesignar Lars Årdal. **KVART** Koreograf, scenograf og lysdesignar Jo Strømgren. Kostymedesignar Johanna Sutinen. Lyddesignar Lars Årdal. **Just2dance** Koreograf Toni Ferraz. Koreografiassistent Anette Stokke. Kostymedesignar Johanna Sutinen. Lysdesignar Jon Kjemprud. Produsert av Oslo Danse Ensemble. På turné med Riksteatret.

Opplev meir:

«Open oppvarming» for publikum før framsyninga og workshop med dansarane på dagtid.

Nypremieri i Oslo, Nydalen 8. mars
Turnépremieri i Larvik 11. mars

Framsyingar: 28 **Publikum:** 5 808

MOVE OSLO DANSE ENSEMBLE 2013



NAVID EACH ONE TEACH ONE

DANS

Med Navid Rezvani «B-Boy Spaghetti», Marvin -the Marwlessone- Melås, Marikken Heitkøtter Bratlie, Catherine Michelet og Andreas Bratlie.

Koreograf Navid Rezvani «B-Boy Spaghetti». Regissør Patrick King. Komponist og videodesignar David Chocron. Komponist Andreas Bratlie. Scenograf og kostymedesignar Even Børsum. Lysdesignar Ola Bråten. Produsert av Riksteatret i samarbeid med produksjonsselskapet Vicomte v/ Andreas Ljones. Støtta av Kulturrådet og Fritt Ord.

Opplev meir:

Workshop med dansarane på dagtid og «ettersnakk» med publikum etter framsyninga.

Uppremiere i Oslo, Nydalen 10. oktober.
Turnépremieri i Orkanger 17. oktober

Framsyingar: 34 **Publikum:** 7 670

HØGDEPUNKT I 2013

FRÅ BOK TIL TEATER TIL FILM



Riksteatret var først ute med å få løyve til å dramatisere Jo Nesbøs Doktor Proktors prompepulver. Framsyninga fekk fabelaktig gode kritikkar og blei spela for utselde hus over heile landet. Nationaltheatret kjøpte Riksteatrets konsept og sette produksjonen opp med egne skodespelarar våren 2014.

OPPLEV MYKJE MEIR



Riksteatret tilbyr meir enn teater, og i løpet av 2013 arrangerte vi 10 små og store arrangement i samband med dei 455 framsyningane vi spela på turné. Totalt var ca 15 327 menneske med på tilleggsarrangementa våre.

LIKESTILLING PÅ PENSUM



Er det greitt å kalle nokon for hore? Er det viktig å tenke på ryktet sitt? Alle ungdommar som såg «Søstra mi» fekk tilbod om workshop i klasserommet dagen etter teaterbesøket. Riksteatret samarbeida med regionale likestillingsenter, som var ansvarleg for fagleg opplegg og gjennomføring. Prosjektet var støtta av Stemmerettsjubileet.

TIL UNGDOMMEN



Vår hovudsamarbeidspartner, DNB, har oppretta eit billettfond som gir skuleklassar på vidaregåande og folkehøgskuler høve til å søke om fribillettar til Riksteatrets framsyningar. I 2013 opplevde vi rekordstor pågang av skular som ønska billettar. DNB auka talet på fribillettar, og 5 181 elevar fekk nytte seg av ordninga. I tillegg blei det kjøpt ei rekke skulebillettar, særleg til framsyningane Vildanden og Navid – Each One Teach One.

NAVID INSPIRERTE



Før framsyninga Each One Teach One heldt Navid Rezvani og ensemblet foredrag og workshops for barn og unge på skular, asylmottak og danseskular, og etter framsyninga møtte dei publikum i alle aldrar til «baksnakk». Ei av mødrene som såg framsyninga saman med si 15 år gamle dotter, som hadde vore sjuk lenge, sende oss denne e-posten: «Takk for at dere reiser rundt for å vise oss denne sterke forestillingen. Takk for alle timene dere legger igjen med svette og intensitet. Takk for at dere ga oss så utrolig mye. Takk for håpet, ønsket om å ha noe å tro på igjen, og for at dere var med på å gi oss viljen til å kjempe vidare. Dette handler for oss om så mye mer enn dans. Dette handler om livet.»

HUNDRE ÅR OG LIKE BLID



Riksteatret inviterte Det Norske Teatret til samarbeid då dei skulle feire hundreårsjubileet sitt. Slik fekk publikum utanfor Oslo høve til å oppleve nokre av store de publikumssuksessane, som Bikubesong, Evig ung og Abrahams barn. Saman produserte vi Blackbird og Mens vi ventar på Godot – til glede for publikum både i Oslo og på turné.

GRATISFOREDRAG



I samband med Tvillingsjeler – Gunvor Hofmo og Ruth Maier samarbeida Riksteatret med HL-Senteret om å gi publikum eit gratisforedrag om «Jødenes skjebne under okkupasjonen». Dette fann stad i foajeen før framsyningsstart. «En teaterforestilling som vil gjøre sterkt inntrykk på sitt publikum», skreiv Dagbladet etter premieren. Et kunnskapshungrig publikum fekk glede av kombinasjonen foredrag og teater på kvar spelestad.


DESIGNPRIS




Riksteatret fekk ny logo og nettsider. Designbyrået Bleed, som står bak jobben, har fått Grafil-pris og Merket for god design for verket.

STATISTIKK

TAL PUBLIKUM PER FYLKE




TAL FRAMSYNINGAR PER FYLKE



PRODUKSJONAR

PRODUKSJON	TAL FRAMSYNINGAR	PUBLIKUMSBESØK	% AV TOTALBESØK
Abrahams Barn	47	20 851	18 %
Bedrag	46	9 374	8 %
Bikubesong	22	7 382	6 %
Doktor Proktors prompepulver	67	22 561	19 %
Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen	25	10 076	9 %
Mens vi ventar på Godot	32	4 158	4 %
MOVE - Oslo Dance Ensemble 2013	28	5 808	5 %
Mugg	20	2 442	2 %
Navid - Each One Teach One	34	7 670	6 %
Søstra mi	42	6 858	6 %
Tvillingsjeler - Gunvor Hoffmo og Ruth Maier	36	5 971	5 %
Vildanden	56	15 335	13 %
Totalt	455	118 486	100 %

BESØKSPROSENT PER PRODUKSJON



REKNESKAP 2013

DRIFTSUTGIFTER

		I 1000 kr
01-11	Stillingar	42 444
01-12	Ekstrahjelp	94
01-13	Bistillingar	41
01-17	Styrer, råd, utval	93
01-18	Trygder, pensjonar	5 871
011	Sum lønn og godtgjersler	48 543
01-21	Maskiner, inventar, utstyr	2 000
01-22	Forbruksmateriell	1 243
01-23	Reiseutgifter m.v.	2 805
01-24	Kontortjenester m.v.	2 234
01-25	Konsulenttenester m.v.	3 889
01-26	Databehandlingstenester	1 937
01-27	Vedlikehald, drift av maskiner m.v.	673
01-28	Vedlikehald av bygg og anlegg	995
01-29	Drift av bygningar, lokalleige	9 245
'012	Sum varer og tenester	25 021
011-013	Rekneskap - sum driftsutgifter	73 564
01	Løyving - sum driftsutgifter	73 807
011-012	Mindreutgift i forhold til løyving	243
21-11	Stillingar	15 039
21-12	Ekstrahjelp	48
21-13	Honorar	1 804
21-17	Styrer, råd, utval	
21-18	Trygder, pensjonar	2 381
011	Sum lønn og godtgjersler	19 272
21-21	Maskiner, inventar, utstyr	0
21-22	Forbruksmateriell	2 071
21-23	Reiseutgifter m.v.	19 987
21-24	Kontortjenester m.v.	4 398
21-25	Konsulenttenester m.v.	13 333
21-26	Databehandlingstenester	0
21-27	Vedlikehald, drift av maskiner m.v.	1
21-28	Vedlikehald av bygg og anlegg	0
21-29	Drift av bygningar, lokalleige	6 083
'012	Sum varer og tenester	45 873
011-013	Rekneskap - sum driftsutgifter	65 145
21	Løyving - sum driftsutgifter	75 346
011-012	Mindreutgift i forhold til løyving	10 201

INNETEKTER

I 1000 kr

01	Diverse inntekter	465
01	Inntektskrav	113
01	Meirinntekt i forhold til inntektskrav	352
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	0
16	Refusjon fødselspengar	646
17	Refusjon lærlingar	0
18	Refusjon sjukepengar	637
01-018	Sum inntekter	1 283
01-018	Sum meirinntekter	1 635
02	Diverse inntekter	25 621
02	Inntektskrav	24 100
02	Meirinntekt i forhold til inntektskrav	1 521
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	0
16	Refusjon fødselspengar	0
18	Refusjon sjukepengar	0
02-018	Sum inntekter	0
02-018	Sum meirinntekter	1 521
Årsresultat - netto mindretgifter		13 600

**WWW.
RIKSTEATRET
.NO**



STOLT SPONSOR

Foto er ved Erik Berg, Jo Michael, L-P Lorentzen, Leif Gabrielsen,
Mikaela Berg, Sigurd Fandango, Ingvil Skeie Ljones, Dag Jenssen.